

[Nyheiter](#) [Meiningar](#) [Play](#) [Tips oss](#) [Bli abonnent](#) [Bestill av MT](#)[Nyheiter](#) →

Etter at desse folka var i Canada, har folketalet i bygda auka med 50 prosent

Frå 20.-26. januar 1997 følgde Hallingdølen den 16 personar stor Hemsedal-delegasjon til skistadane Sun Peak og Whistler.



Hemsedal-delegasjonen på eitt Brett i Sun Peaks. F.v.: Jon Thorset, Espen Eliassen, Bjørn Svare, Åge H. Haga, Martin Lindal, Ragnhild Halbjørhus, Sverre Kirkebøen, Kåre Grøthe, Ragnhild Kvernberg, Bjørn T. Moger, Morten Brunvoll, Ivar Bergstøl, Norvald Lirhus, Odd Holde, to lokale representantar i Whistler/Sun Peaks og Ernst Tore Eggen. Her saman med Nancy Green, OL-meister i storslalåm frå Grenoble 1968. Seinare vart ho senator. **FOTO:** OLAV JOHANNES BØTHUN

**Olav Johannes Bøthun****Oppdatert:** søndag 13. februar 2022 kl. 04:10

Artikkelen er mer enn fire år gammel

At personane i denne gruppa valde å satse på kommersielle senger då kommunen og næringa la planane for fjellandsbyen, kan ha vore nøkkelen til den sterke folkeveksten i Hemsedal.

Whistler er ein gedigen skimetropol ikkje langt frå Vacouver. Sun Peak ligg seks timars biltur inn i landet, og var på den tida nesten like mykje i støypeskeia som Hemsedal. Det var konsulentfirmaet Ecosign som stod som vertskap for studiereisa, og det var same selskap som var utpeikt til å stå for dei faglege innspela i Hemsedal.

«Turen gav mange inntrykk, men få svar», var konklusjonen frå mange. 25 år etter stiller me eit oppfølgarspørsmål: Har det gått slik de trudde?

FAKTA**Den viktige turen**

VIS MER ↓

Med i delegasjonen var representantar frå Hemsedal kommune, Hemsedal turistkontor, grunneigarar og styret og administrasjon i Hemsedal Skisenter A/S. På skistadane Whistler og Sun Peaks fekk hallingane sjå på nært hald korleis konsulentfirmaet Eco-sign har planlagt enorme skimetropolar, slik då låg planar for i Hemsedal. Kjenneteiknet med desse planane var konsentrert bygningsmasse i landsbyar tett inntil skisenteret. Det skulle vera bilfritt sentrum og kort avstand mellom butikkar, restaurantar, hotell og leilegheiter. Dei fleste sengene skulle vera såkalla varme senger, altså til utleige.



Whistler 1997: Ein turist skfir inn i biletet. Legg merke til byggkрана i høgrel del av biletet. Slike er det mange av i Hemsedal i dag. **FOTO:** OLAV JOHANNES BØTHUN



Jon Thorset (KrF) tek seg tid til ein ekstra kikk på dei siste Ecosign-skissene for Trøim-Holdebakken. I bakgrunnen f.v. no avdøde Ivar Bergstøl, Ola Frogner, Morten Brunvoll, og Espen Eliassen. Bak i biletet: Bjørn Tore Moger. **FOTO:** OLAV JOHANNES BØTHUN

Hemsedal i dag

25 år seinare skjer det ei rivande utvikling på den andre sida av Atlanteren, i Hemsedal. Hotell, ferieleilegheiter og private hytter og leilegheiter poppar opp tett i tett på Holdebakken.

* Har Hemsedal fått til det dei enkelte medlemene i delegasjonen såg føre seg for 25 år sidan?

* Har utviklinga gått fullstendig av skaftet?

* Eller er det som skjer heilt «etter skjema» i høve til forhåpningane?

Heilt tilfeldig, egentleg

Odd Holde hadde ei sentral rolle i Hemsedal skisenter i desse åra, og som politkar i Hemsedal kommune. Han smiler i dag når han tenker tilbake å korleis denne snøballen tok til å rulle.

– Det var tilfeldig at me droppa bort Ecosign. Eg var hjå Doppelmayr i Austerrike. Vart beden med på ein middag der, og enda til bords med Peter Alder i Ecosign. Der starta det. Men så, kan du si at me jobba med planen i fire-fem år, og var vel stort sett ferdige i 2001.

LES OGSÅ:



Milliardplanar i Hemsedal

Etter ein del att og fram vart planen vedteken i 2003. Holde seier han og ein annan sjef i Ecosign, Paul Matthews, diskuterte kor lang tid det ville ta å få gjennomført planen.

– Me kom fram til at det ville ta rundt 20 år. Og viss du ser på det som er under bygging i Hemsedal no, så temmer det temmeleg bra, hevdar han.

Holde er veldig nøgd med det som har skjedd.

– Det viktigaste er at me kom i kontakt med Ecosign, seier han. - Det var ei lykke for Hemsedal. Me fekk til ein langsiktig reguleringsplan der alle ledd hang i hop. Før var det stykkevis og delt. Her vart dei ein heilskapleg plan for heile skisenteret og baseområdet. Denne planen er følgd. Det er ganske imponerande, slår han fast.

Det andre viktige nøkkelen meiner Holde er fordelinga mellom kalde og varme senger. Fordelinga i fjellandsbyen er 70 næring og 30 fritid.

– Det var ei veldig nyttig for Hemsedal med høg utleigegrad. Skal ein få til verksemd sju dagar i veka, må ein ha gjester sju dagar i veka. Då må me ha mange utleigesenger.

– *Kva med heiskapasiteten?*

– Sengekapasiteten må ver avstemt mot kapasiteten i skisenteret. Der trengst det meir no. I den biten vil Røggelie bli veldig viktig.

LES OGSÅ:



Vedtaket som får hemsedølene til å smile

– *Skjer det for mykje no på ein gong no?*

– Me greier å lande dette på ein måte som bygda toler. Det som skjer no er i tråd med det planane har lagt opp til. Men at både næringa og politikarar må halde fast ved fordelinga mellom næring-fritid er heilt sentralt.

Delvis som planlagt

– Sun Peak var nok mest den staden me kunne knyte oss til. Me fekk meir aha-oppleving der, fordi dimensjonen var omtrent som her, seier Ragnhild Kvernberg. Kvernberg er tidlegare turistsjef i Hemsedal, og var styreleiar i Hemsedal skisenter under planarbeidet for Holdebakken.

– Det tok tid å få reguleringsplanen på plass. Tanken om å få ei gate, slik som i Whistler, det tok nokon år. Og det er først no dei siste brikkene fell på plass. Og så har det skjedd mykje meir ut frå Holdebakken, i retning sentrum. Utviklinga har gått lenger i høve til her.

LES OGSÅ:**Planlegg dubling i både skisenter og overnatting**

Kvernberg er som Holde svært oppteken av å halde ein høg utleigedel på bygningsmassen i området. Ho likar dårleg at 70/30-prinsippet er borte i delar av områda opp mot Holdebakken.

– Ting har delvis gått som planlagt. Eg synest det har skjedd altfor lite på heis og bakkar, og etterlyser Skistar på det feltet. Det som er utfordringa med mange private einingar, er at det blir jojo-trafikk med masse i helgene og mindre midt i veka. Særleg laurdag er det for trangt.

– *Hadde du sett for deg meir utleige?*

– Det er iallfall viktig at det ikkje blir meir utbygging av private senger. Heile suksesskriteriet er å ha masse senger for utleige. Det er ikkje det utbyggerane vil ha, men for næringslivet i bygda er det viktig.

Og når ein står oppe i anlegget og ser ned, så ser ein at det Ecosign planla den gongen blir synleg dag for dag, seier ho.



Whistler 1997: SV-representant og naturvernar Martin Lindal brukte fotoapparatet flittig under reisa. Han er rimeleg nøgd med det hemsedølene har fått til på Holdebakken. **FOTO:** OLAV JOHANNES BØTHUN

Støttar Kvernberg

Martin Lindal har i dag flytta ut frå Hemsedal. Han sat i kommunestyret for SV. Lindal er grunnleggande oppteken av at det må vera mange utleigesenger på Holdebakken.

– Volumet har gått i fortaste laget, men heilt fram til no synest eg at det har gått omtrent etter planen. Hemsedal er den einaste kommunen i Hallingdal med markert folkeauke. Det kjem av varme senger-politikken. Eg er elles uroleg over nye signal frå Skistar om med meir hyttebygging. Det poppar opp hyttefelt høgt til fjells som ikkje burde vore vedtekne. Eg synest det me gjorde då var lurt. Men alt har gått nedover etter at eg flytta!



I Canada fekk hemsedølene sjå på nært hald korleis konsulentfirmaet Ecosign har planlagt enorme skimetropolar. **FOTO:** OLAV JOHANNES BØTHUN



Sun Peaks 1997: Frå venstre: Sverre Kirkebøen, Espen Eliassen, Odd Holde og Ragnhild Halbjørhus
FOTO: OLAV JOHANNES BØTHUN

Utbyggjar med smil

Sverre Kirkebøen, reiste som grunneigar og medlem i masterplannemnda. Han har stått for mange av utbyggingane som no skjer mellom Holdebakken og Trøym:

– For vår del som grunneigarar, me har bygd hotell, me har regulert frå skisenteret til sentrum og masse hytter i ein heilskap. Det lærde me då me var i Whistler og Sun Peaks at du må ha konsentrerte område. Det som kunne vorte meir rundt dette området er betre infrastruktur. Det er ikkje heldig med riksvegen gjennom sentrum. Men det er utanfor vår råderett. Men dette med interne vegløyseringar er slikt som tek for lang tid.

LES OGSÅ:



Legg tre milliardar på bordet - Fredriksen blir storeigar i Skistar

– *Har alt gått etter planen?*

– Eg synest me har brukt nok tid på det, eigentleg. Det var fantastisk den jobben dei gjorde. Resultatet er at me er der me trudde me skulle koma for 25 år sidan.

– *Er det blitt stort nok?*

– Nei, eg trur Hemsedal har store potensial vidare på mange felt på alle dei aktivitetar som blir etterspurt. I dag kan me ikkje seie me er best på noko. Men i sum er det ikkje mange på Austlandet som har dei naturgitte forholda som oss.



Skistar: Skistars dominerande stilling er ei utfordring for resten av næringsaktørane i Hemsedal.

FOTO: BERNT IVAR BERGUM

– Fleire heisar og løyper

Ernst Tore Eggen, sat som styremedlem i Hemsedal skisenter og politkar for Ap då han var med til Canada. Eggen rosar det som har skjedd. Han meiner det var viktig at svenske Sälenstjärnan, seinare Skistar, kom på banen.

– Me fekk eit vendepunkt med Skistar. Dette har gått Hemsedal sin veg. Men no står me framfor nye utfordringar. Sengekapasitet ein er ikkje følgd opp med løyper og annan infrastruktur. Men elles har dette vore veldig at me fekk inn meir proffe aktørar. Dei veit kva dei driv med.



Dåverande turistsjef i Hemsedal, Espen Eliassen, er no hamnesjef i Horten. Han meiner dei strenge krava til utleige har vore heilt avgjerande for utviklinga. **FOTO:** OLAV JOHANNES BØTHUN

Eig og leiger ut

Espen Eliassen var turistsjef i Hemsedal under turen til Canada. No er han av alle ting blitt hamnesjef i Horten, har leilegheit i Skarsnuten som blir leigd ut når han ikkje bruka ho sjølv.

LES OGSÅ:



Ilagt bot på fem millionar etter dødsulykke i skisenteret

Og så har eg eit bankande hjarta for Hemsedal. Bygda er blitt noko heilt anna enn det ho var, seier Eliassen, og let neste setning henge litt i lufta.

– Om det er alderen som gjer det eller fornufta, eg veit ikkje, men reiselivet har blitt stort. Og eg må nok si at eg gler meg over at det blir bygd mest innanfor eit avgrensa areal. Me må halde dei store fjellareala urørte, Personleg synest eg det blir mykje no. Det er også slik at heisen ikkje held tritt. Det blir meir kø og meir overbefolka i løypa. Då me jobba med planen, var situasjonen i det motsette, No er biletet snudd opp ned i høve til sengeutviklinga.

– *Er det bra med utleigeklausul?*

– Ja, eg har vore tru mot det. Det er heilt naturleg og økonomisk behageleg og veldig mykje meir miljøvenleg. Det er enormt ressursøydande å berre eige ei hytte som ein ikkje kan dele med andre. Eg må rose Skistar for eit veldig godt tilpassa bookingsystem. Men eg er veldig stolt av at me greidde å setja vilkår om utleige.



Sun Peaks 1997: - Dette er ein mindre stad, og langt meir samanliknbar med Hemsedal, seier Ragnhild Kvernberg som var styreleiar i Hemsedal Skisenter då planarbeidet tok til **FOTO: OLAV JOHANNES BØTHUN**



Gasspeisar med fjernkontroll omtrent som til TV'n og leilegheiter med svært høg standard gjorde inntrykk. F.v.: Kåre Grøthe, Olav Johannes Bøthun, Norvald Lirhus og Bjørn Svare. **FOTO:** OLAV JOHANNES BØTHUN

Andre kommentarar:

* Ola Frogner reiste som tilsett i Hemsedal kommune: Hovudpunkta i masterplanens er langt på veg gjennomført. Miljølempene er blitt mindre enn frykta på 90-talet. Plan og realitetar har mykje gått hand i hand med auke i folketalet.

* Norvald Lirhus, reiste som lokalpolitikar (Sp): Det har nok gått mykje raskar enn eg hadde tenkt meg. Eg synest nok det har gått for langt. Uroleg for naturinngrep og elles påverknad på bygdesamfunnet.

* Bjørn Tore Moger, reiste som lokalpolitikar (H): Det som har skjedd i Hemsedal er som forventa. Det var dette me hadde håpa på. Eg ser for meg at det framleis er grunnlag for vidare vekst. Det skjer så mykje andre plassar at det er viktig å halde tritt

* Kåre Grøthe, reiste som styremedlem Hemsedal skisenter: Ikkje lett seie. Me må jo seie det har gått som forventa, eller at det har gått veldig bra. No var ikkje

Skistar inne i biletet den gongen. Men noko meir enn det kunne ein ikkje ha forvente.

* Åge Haga, reiste som grunneigar: Det har vel utvikla seg noko i den retninga me såg føre oss. Når reguleringsplanen blir fullført, så er eg ikkje sikker på om det blir plass til noko meir. Det er i ferd med å sjå ut slik som teikningane viste. Sjølv Holdebakk-området er omtrent som det var tenkt. Men det står att noko enno. Om det blir for mykje? Det blir jo tett.

– *Du er nøgd?*

– Koss skal eg seie det. Det er gått i den retninga som det var antyda den gongen. Hadde kanskje ikkje sett føre meg fullt så mykje.



I Canada fekk hemsedølene sjå på nært hald korleis konsulentfirmaet Ecosign har planlagt enorme skimetropolar. **FOTO:** OLAV JOHANNES BØTHUN



Pust i bakken: F.v. Norvald Lirhus, Ola Frogner, Åge Haga og Sverre Kirkebøen (med ryggen til). Her er karane i samtale med ein lokal representant. **FOTO:** OLAV JOHANNES BØTHUN

* Bjørn Svare, reiste som styremedlem i Hemsedal skisenter: Eg hadde venta noko meir, spesielt når det gjeld heiskapasitet og løyper. Overnatting er det nok av. Kor har det blitt gondolen, og iallfall nok heiskapasitet.

* Jon Thorset, reiste som lokalpolitikar for KrF: - Det har kome noko som me hadde meint det, men eg hadde nok ikkje sett for meg at det vart så omfattande som det vart. Dessutan kunne eg tenkt meg at det vart bygd endå fleire hotell og kommersielle overnattingsbedrifter. Men den trenden har nok tidene gått noko imot.

* Ragnhild Halbjørhus reiste som teknisk sjef i Hemsedal kommune: Eg hadde nok sett føre meg noko som ikkje er der: Meir type aktivitetar som servering sommarstid og meir folkeliv utanom skibakken. Men det er vel ting som er på gang no som gjer at det kan koma. I etterkant er det ikkje mykje som er endra i planen. Prinsippa blir realisert no, kanskje litt høgare bygg. Men hovudplanen virkar.



Dåverande turistsjef i Hemsedal, Espen Eliassen, er no hamnesjef i Horten. Han meiner Hemsedal må unngå store hytteområde i urørte område. **FOTO:** OLAV JOHANNES BØTHUN

LES OGSÅ:



Regjeringa har bestemt seg: Det blir ikkje vinterjakt på Hardangervidda

LES OGSÅ:



Millionane går til Rv52 - dette er planen til vegvesenet

LES OGSÅ:

Varslarsaka i Hemsedal er avslutta: Ekslæraren har trekt anken

Publisert: søndag 13. februar 2022 kl. 04:10

Oppdatert: søndag 13. februar 2022 kl. 04:10

UTFORSK TEMA:

POLITIKK